



Kopimottakar

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/148 - 15/13768

Saksbehandlar:
Kristine Skaiaa Born
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:
01.12.2015

Årsrapport landbruksfagrådet 2014 og 2015

I landbruksfagrådet på Radøy sit det 3 representantar frå ulike landbruksorganisasjonar, ein representant frå underutvalet for vilt og innlandsfiske og ein politisk representant frå kommunestyret. Rådet har i perioden 2014-2015 vore slik samansett:

Leiar- politisk representant- Dag Sætre

Medlem - Radøy bondelag – Kari Kvammen

Medlem - Radøy bonde- og småbrukarlag – Kjersti Flatråker / Geir Smith

Medlem – Radøy Sau og Geit – Kåre Hole

Medlem – Underutvalet for vilt og innlandsfiske – Andre Michelsen

Sekretær – Landbrukskontoret – Øyvind Hateli/ Kristine S. Born

2014

I 2014 vart det berre halde eit møte i landbruksfagrådet, den 13/3/2014. Andre møte i planen 22/8/2014 vert truleg avlyst grunna at det var trøngt om tida på landbrukskontoret. Viktige tema i 2014 var kjerneområde for skogbruk og fokus på vegbygging. Forvaltning av smårovvilt og gjess var eit anna viktig fokusområde. Landbruksfagrådet ønskte og å halda fokus på driveplikt. Kviste gard vart foreslått til kulturprisen.

2015

I 2015 vart det halde 2 møte, 8/4/2015 og 12/10/2015.

- Temamøte
Den viktigaste saka har vore gjennomføring av eit årleg fagleg møte for alle landbruksinteresserte. 19/11/2015 vart det halde møte om veg og jord. Det møtte ca. 50 deltakarar og møtet var ein suksess.
- Lokal forskrift for gjødsel
Trongen for ei lokal forskrift om gjødsel var det stor semje om og landbrukskontoret skal våren 2016 skrive eit forslag til lokal forskrift. Dette med mål om å ha ei lokalforskrift på plass i løpet av 2016.
- Forvaltningsplan for gjess

Oppstart av arbeidet med forvaltningsplan for gress var viktig på siste møte. Denne saka vil få mykje mersemd utover i 2016.

- SMIL- midlar
Strategi for bruk av SMIL-midlar har vore diskutert. Landbruksfagrådet skal ha slik strategi på høyring om midlane held fram.
- Viltforvaltning
Skotpremie har vore oppe som sak og landbruksfagrådet ønskjer at skotpremien vert heva, saka vert teke i Underutvalet.

Andre mindre saker som trong retttast eller undersøkast har og vore handtert i landbruksfagrådet, t.d veterinærordninga utanom arbeidstida og møtegodtgjersle.

Med helsing

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.